



Nelly Kjerland er ein utretteleg eldsjel i fleire aktiviteter på bedehuset og i dag rundar ho av sesongen i småbarnstreffet med å invitera deltakarane heim til seg. Toril Langeland fortel frå Bibelen og så er det servering før dei små og mødrene deira tek ein tur ut i hagen. Det er ein tradisjon at dei som er med på treffet kjem til våravslutning heime hos Nelly. Idag er det 8 små og 5 mødre med og det er i høgste grad eit internasjonalt preg over flokken.

Denisa med borna Zofie og Jan kjem frå Praha og Angelica med borna Janis og Marius frå Brasov i Romania. Familien frå Tsjekkia bur i Rosedal og mannen er ingeniør hos Harding. Familien frå Romania bur i Uskedalen og mannen jobbar som snikkar. Tsjekkerne har vore her i halvtanna år og verkar bestemte på å returnera heim om like lang tid. Rumenerane gjev derimot uttrykk for at dei vil bli i Uskedalen. Både Denisa og Angelica synes at Nelly-treffet er nyttig og ein god form for norskopplæring. Dei 3 andre familiare som er med i treffet idag er frå Uskedalen, Omvikedalen og Valen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen